

Leiranger - Fornminne

Garden Leiranger i Nedstrand formidlar mykje historie. Her kan ein i form av ein "terrasse" i landskapet på nabogardane Sørtveit og Nordtveit sjå at sjøen i eldre steinalder, for ca 7500 år sidan, sto om lag 48 meter høgare enn i dag. 12 gravrøysar og nokre rydningsrøysar er truleg frå perioden mellom romersk jernalder (0 – 400 e.Kr.f.) og vikingtida (800-1050 e.Kr.f.).

Ved garden Leiranger ligg ei vik som har eit smalt innløp og er ei framifrå og godt skjult naturhamn med strategisk plassering på nordsida av Boknafjorden. Frå kollane på kvar side av innseglinga har ein utsyn til – og kontroll over – store deler av fjorden.

Lengst inne i vika ligg dei godt bevarte steinveggene til ei diger nausttuft som må vera frå vikingtida eller kanskje endå litt eldre. Med sine 34 meter er naustet blant dei lengste frå jernalder og tidleg middelalder i Sørvest-Noreg. Det er 9 meter breitt ved inngangen og 10 meter på midten. Me ser i dag naustet som låge steinmurar.



Foto: Ingvar Frøyland
Infotavle ved Leiranger



Foto: Hedda K. Grip
Steinveggene til naustet frå vikingtida.